

SFO

2022/2023



Bjoa skule

Litt om SFO ved Bjoa skule:

SFO på Bjoa skule er eit tilbod for alle elevar på 1.-4. trinn. Skuleåret 2022/2023 er det 8 barn som har SFO-plass. Me jobbar etter disse fire områda: *leik, kultur og kreativitet, sosial kompetanse, fysisk aktivitet og helse*. Me samarbeider med barnehage og har tilsette som arbeider både på skule/barnehage og i SFO.

Våre mål:

«Alle barn skal oppleve ein trygg og god kvardag på SFO»

«Alle barn skal oppleve glede i leik og læring ved å kunne utfalde seg i fri og organisert lek»

«Varme, vekst og vennskap» er skulen og SFO sitt slagord.

Me ynskjer å vera ein aktiv SFO der barna skal få utfolde seg i leik med andre barn i trygge omgivnader, og ha vaksne rundt seg som både ser og viser omsorg for kvar enkelt barn. Me legg vekt på at tida på SFO er borna si fritid, dei skal få lov til å leike og å vere med på å finne ut kva dei ønsker gjere. Me har gode uteområde som blir mykje brukt på SFO.

Bjoa skule jobbar med Olweusprogrammet mot mobbing. Dette arbeidet gjeld og i SFO, og betyr at me blant anna har fokus på å vera ein god ven og at me skal vera inkluderande i leiken.

Me bruker skulekjøkkenet dagleg. Erfaring frå måltida er at borna har det kjekt, me snakkar om mange ulike ting og kosar oss med maten.

På SFO legge me vekt på eit godt samarbeid med foreldre. God kontakt ved henting og levering kvar dag er viktig, og begge partar må informere om det er noko som har skjedd/kan påverka barnet. SFO har sin egen mobiltelefon **tlf.nr. 902 36 123**. Hugs å gi beskjed til oss om barnet ikkje skal vere på SFO, eller skal bli henta av andre. Me sender ingen barn heim utan at me har fått melding.

Det er viktig at me får beskjed om ikkje alt er som det skal. Me ynskjer at det skal vera kjekt å gå på SFO!

Dei tilsette ved Bjoa SFO er: Jone Markoviciute, Rita Bjørnøy og Anne-Grethe Gjerde.

Opningstida:

Morgon-SFO er open frå 07.00 til 08.00 kvar dag. Denne økta blir i barnehagen.

På ettermiddagen er SFO åpen disse tidene:

Måndag: 12.00-16.30

Tysdag: 13.00-16.30

Onsdag: 12.00-16.30

Torsdag: 13.45-16.30

Fredag: 13.45-16.30



Ferie SFO:

Ferie-SFO er på Ølen skule og kan nyttast ved påmelding via søknadsskjema for SFO. Søkjer ein midt i året må ein undersøkje med Ølen og Skjold skular om ledig plass.

Ferie SFO er open:

- Frå 2 veka i august fram til skulestart
- Haustferie Vinterferie
- Desember frå skuleslutt og fram til 23. 12 (romjula stengt)
- Juni frå skuleslutt og ut juni månad.

Ein kan og nytta dagpakkar i ferie etter avtale. Prislister kan finne du inne på kommunen si nettside. Dei som har ferieplass møter opp på SFO i Ølen og Skjold. Når du er i Ølen/Skjold, må du ta med matpakke, innesko, byteklede, gode klede til å ha på ute som passar til været.

Kjøp av tid:

Det kan være moglegheit for å kjøp av ekstra tid på SFO. Då vil timeprisen vera på kr. 43,- Det er i tillegg mogleg å kjøpe feriepakkjar.

Dagsrytme Bjoa SFO:

Morgon: kl. 07.00-08.00:SFO er i barnehagen, roleg leik.

Måndag:

SFO startar kl.12.00 med uteleik og gymsal fram til mat kl.14.00. Etter mat er det ulike aktivitetar for frileik inne eller ute fram til henting.

Tysdag:

SFO startar kl. 13.00 med aktivitetar (sløyden, kjøkken) fram til mat kl. 14.00. Etterpå er det grupper/formingsaktivitetar fram til SFO slutt.

Onsdag:

SFO startar kl.12.00 med frileik ute/inne. Deretter går me som regel tur til lavoen/i skogen/på turstien. Av og til går me til stranda.

Torsdag og fredag:

SFO startar kl 13.45. Me et som vanleg kl. 14, aktivitet ute og inne etterpå. Nokre ettermiddagar samarbeidar me med barnehagen.

På våren kjem skulestarterne på besøk til SFO når det passar, for å bli betre kjente med oss og skulen.

Måltid:

Kvar ettermiddag blir det laga til eit enkelt måltid mat som blir fakturert med 16.- dagen.

Når borna har bursdag får dei lov å velje seg ein rett ut frå ein bursdags-meny. Denne menyen er: pizza, tomatsuppe, pølse i brød, taco. Matøkta blir på skulekjøkenet som vanleg.



Måltid pr. i dag:

Måndag: osteskiver og frukt.

Tysdag: smøremat – grovt brød m/diverse pålegg.

Onsdag: Varmmat på kjøkkenet eller bålmat.

Torsdag: smøremat.

Fredag: smøremat.

Matøkta er på skulekjøkken. Me øver på god hygiene, vaskar godt hendene før mat og alle må rydde sin plass etter maten. Erfaring har vist at barna trivest veldig i måltids-situasjonen. Dei snakkar fint ilag, har det kjekt og kosar seg med god mat og frukt. Me vil og ha fokus på ulike rettar og matkulturar via måltida våre.

Me har fokus på å lage mat i sammen med barna i SFO, slik at dei skal få erfaring med korleis dei sjølv kan lage enkle og sunne måltid og korleis dei sammen med andre kan skape trivelege rammer rundt måltidet.

Mat-tradisjonar:

- Bakedag i Adventstida- baker peparkaker.
- Nissefest m/graut med mandel.
- Fastelavnsbollar med kakao
- Påskelunsj m/rundstykkar, egg og div.pålegg.
- Vaffeldag med vaffelfest.
- Grillmat/bålmat av og til når me går på tur.

Klede og utstyr:

Gode utklede er nødvendig. Det er fint viss føresette fylgjer med på at borna har byttetøy til ei kvar tid i hylla. Dette i tillegg til skift i skuletida. Me bruker gymsko i gymsalen, så det er flott om borna kan ha gymsko liggande på skulen. Det er viktig å ha gode tursko/støvlar når me går på tur i skogen.

Aktivitetar i SFO:

I Vindafjord jobbar me etter desse fire områda: *leik, kultur & kreativitet, sosial kompetanse, fysisk aktivitet og helse.*


SFO er en viktig arena for barnas utvikling i forhold til det sosiale fellesskapet, vennskap, og barnas sosiale kompetanse. Dei vaksne i SFO skal legge til rette for dette gjennom å skape felles opplevingar, trygge rammer og gi rettleiing til barna både individuelt og i grupper. Vårt mål er at alle barna skal ha en venn – og vi vil gjennom ulike aktivitetar gi barna sjansen til å bli betre kjent med fleire barn, og arbeide for at barna opplev å meistre det å knytte vennskap og bli trygg i sine relasjonar til barn og vaksne dei har rundt seg.

Leiken er sentral for oss på SFO, dette er barna si eiga fritid, kor me skal legge til rette for at barna kan utfolde seg i lek både inne og ute. Gjennom leiken, vil SFO og arbeide med barna sitt skulemiljø. I leiken utforske ein samarbeid og dannar vennskap. Vaksne hjelper barn inn i leik og hjelper barn med å inkludere andre i sin leik, og legg til rette for felles erfaringar som kan være grunnlag for å bli betre kjent. Det er viktig å vera i forkant i forhold til elevane sitt psykososiale miljø, og hele tida vere observant og arbeide førebyggjande i forhold til at barn ikkje skal oppleve at dei blir utestengt frå fellesskapet.

Me ynskjer å legge opp til ulike leikar med stor grad av valfridom. Barna får lov til å vera med på å velje og bestemma kva dei vil leika med, både ute og inne. Ungane kosar seg mykje rundt å skuleområde og inne i 1.-2. klasserommet. Gymsalen er veldig populær, der både leikar me og bygger hytte, og har forskjellige *fysiske aktivitetar*. Me brukar gymsalen etter ynskje og behov.

Me er ute nesten kvar dag i SFO-tida, og me har eit stort og mangfaldig uteområde kor barna kan springe, klatre og reile, spele fotball og barna kan også bruke utstyr som bl.a. ballar, hoppetau, stylvter, og leike rundt i skogen. Gapahuken blir mykje brukt, elles har me eit stort flott leikeområde å nytte oss av. Me har vår eigen kjøkkenhage, der me bl.a. har sett poteter og gulrot.

Me ynskjer å legge til rette for kunst og kultur som stimulerer til bruk av fantasi og kreativitet. Det å kunne nytte seg av nærmiljøet og bli kjent med tradisjonar og ulike kulturar. Me vil også utfordre elevar med annan kulturell bakgrunn til å formidle kulturen og kunsten sin til andre i SFO. Populære kulturaktivitetar er biletkunst, formingsaktiviteter, dekorere lokala med produkta våre, fylgje årstidene og høgtidene.



Henting:

Når borna vert henta i SFO, ber me om at den som hentar barnet har kontakt med ein av oss vaksne i SFO før dei tar barnet med seg.

Me treng melding om barnet skal gå heim sjølv eller bli henta av ein annan vaksen.

Ring eller skriv melding til oss på mob.tlf.nr. **902 36 123**.

Dersom føresette har spørsmål, er det viktig at de tek desse opp med SFO-leiar eller rektor. Me set stor pris på eit nært og godt samarbeid, og tenkjer at me saman kan legge til rette for trygge og gode oppvekstvilkår for elevane i 1.- 4. klasse ved Bjoa skule.

Jone Markoviciute (SFO-leiar)

Åse Markhus Berge (rektor)

